



# Årsmøte 2015

Torsdag 12. februar, Firda vidaregåande skule



---

Generalsponsor:



**SFE**

---

Hovedsponsor:



*NM for janitsjarkorps i Trondheim 4. april 2014.*

[www.gloppenjanitsjar.no](http://www.gloppenjanitsjar.no)



# Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
  - Namneoppop
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Val av møteleiar
  - Val av møtesekretær
  - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2014
4. Rekneskap 2014 med revisjonsmelding
5. Årsmøtesaker
  - 5.1 Korpset sitt konsertanttrekk(frå Odd Hansen)
6. Arbeidsplan 2015
7. Kontingent
8. Budsjett 2015
9. Val
10. Avslutning



*Geir Skagen får tildelt NMF si fortjenestemedalje av leiar i NMF Nordvest Nils-Gunnar Solli, på fellesmiddagen under NM i Trondheim.*

## Innhold

Årsmelding	5
Rekneskap	10
Budsjett	10
Årsmøtesaker	13
<i>Arbeidsplan</i>	14
Kontingent	15
Val	16
<b>Vedlegg:</b>	
Repertoar 2014	17
Gjeldande vedtekter	18
Referat frå årsmøtet 2014	20



# Årsmelding

## Årsmøtet 2014

Årsmøtet 2014 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 6. februar. Det møtte 21 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

### Styret

Leiar:	Bernt Reed	ikkje på val
Nestleiar:	Vigdis Henden	attval
Kasserar:	Margunn A. Evebø	attval
Sekretær:	Geir Skagen	ikkje på val
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	attval
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	attval
2. vara.:	Linda Pupe Støyva	attval

### Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar

Bjørn Inge Solheim

Olav R. Myklebust

### Dirigent

### Sosialkomité

Didrik Eide

Heidi Fure Klausen

Elin Nikoline Vie

### Valnemnd 2015

Reidun Kjørvik Førde

Gunnar Eide

Eva Fitje Holme

### Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

## Aktivitetar i 2014


5. januar	Vareteljing hjå Europris, Sandane
6. februar	Årsmøte
1. mars	Ekstra øvingslaurdag
6. mars	Speling på skulekorpsbasar i Hyen



Frå årsmøtet i entreen i aulaen på Firda vgs.



Kjende folk i kjent korps i NMF sin biletserie på nett frå NM i Trondheim.



## Sak 3

# Årsmelding

- |                   |   |
|-------------------|---|
| 3.-7. april       | NM for janitsjar i Trondheim  |
| 15. april         | Påskebasar i Breim  |
| 4. mai            | Oppmarsj Breimstafett   |
| 17. mai           | Speling på Sandane, Breim, Rygg og Kandal   |
| 30. mai-1. juni   | Øvingshelg med mot konserten «Sommarnatt ved fjorden»   |
| 1. juni           | «Sommarnatt ved fjorden»  |
| 14. juni          | Speling på Heradspllassen saman med skulekorpsa som ein del av Gloppe kulturskule sitt jubileum             |
| 14. juni          | Sosial samling hjå Eva Fitje Holme  |
| 21. august        | Sesongstart for hausten   |
| 6. - 7. september | Øvingshelg på Kvikne Hotell, Balestrand   |
| 26. september     | Ensemblet spelte på Gloppe hotell under Matamål 2014  |
| 25. oktober       | Deltaking og teknisk arrangør av Nordvest-meisterskapen 2014  |
| 7.-9- november    | Øvingshelg med skulekorpsa og Jan Magne Førde fram mot konsert søndag                                       |
| 9. november       | YEBO! - rytmisk festkonsert saman med alle tre skule korpsa og Jan Magne Førde i Kultursalen, Trivselshagen |
| 30. november      | Førjulstreff i Aulaen   |
| 15. desember      | Julekonsert i Breim kyrkje  |
| 17. desember      | Julekonsert i Vereide kyrkje  |
| 24. desember      | Musikantar frå korpset spelar på ulike julearrangement  |

## Interne markeringar

70 års-jubilant Martin Einar Lyngstad, 19. april, vart markert med blomar og kake.

## Styret sitt arbeid

Styret har hatt fire møte i perioden og handsama 21 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval Det har vore vanleg for styret, når det hastar og er tenleg, å samlast i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker.

Sakene i år har i hovudsak handla om aktivitet og musikalske satsingar.

## Året slik det gjekk

Etter å telt varer på Europris og hatt årsmøte var fokus NM for janitsjar. Kvalifiseringspelinga hausten 2013 gav oss på ny plass i fjerdedivisjon. Korpset spelte stykket «Puszta» av Jan van der Roost, og kom på 11. plass av 16 korps,

Sak 3

# Årsmelding



1, 2, 3, 4, 5, 6, 7...

med 87,5 poeng. Under fellesmiddagen på NM vart Geir Skagen tildelt NMF:s fortjenstemedalje.

Vårsesongen hadde elles dei faste innslaga med spelning på skulekorpsbasaren i Hyen, påskebasaren i Breim, oppmarsj på Breimstafetten, og spelninga 17. mai.

1. juni var det klart for «Sommarnatt ved fjorden» etter ei god øvingshelg med instruktør og gjestedirigent Espen Andersen. Konseptet med lett og sommarleg musikk i Vereide kyrkje kom i gang i 2006, og dette var femte gongen vi gjennomførte det. Som vanleg samla konserten godt med folk.

Sesongen vart avslutta med at vi spelte saman med skulekorpsa i samband med Gloppen kulturskule sitt 40 års-jubileum i juni, og på kvelden var det sosial samling på hjå Eva Fitje Holme.

Haustsesongen starta 21. august. Første helga i september vart det øvingshelg på Kviknes hotell på Balestrand, der konkurransestykket til Nordvestmeisterskapen stod sentralt.

Netttopp Nordvestmeisterskapen vart eit stort løft for korpset då vi både skulle vere teknisk arrangør og delta denne dagen. Arrangementsmessig gjekk det knirkefritt og komiteen bakom skal ha all mogleg ros for arbeidet som var gjort. Musikalsk vart det ein delt 3. (og siste) plass i andredivisjon for framføringa av Philip Sparke sitt stykke «Music for a Festival», med 89 poeng.

Skulekorpsa Sandane og Breim hadde fått støtte til eit konsertprosjekt og hadde invitert både janitsjaren og skulekorpset i Hyen med til ein konsert med Jan Magne Førde. Konserten vart heitande «Yebo! - ein rytmisk festkonsert». Første helga i november var det felles øvingar i kultursalen, før kultusalen fyltes søndag ettermiddag. Det vart ein suksess og ein inspirasjon for både små og store.

Første søndag i advent var det som vanleg førjulstreff i aulen, og det samla resultatet for innsatsen med hovudlotteri og førjulstreffet runda truleg for første gong eit sekssifra resultat. Så spelte vi jula inn i kyrkjene i Breim og på Vereide.

Husorkesteret har også i år spelt når det må til ved påskebasaren i Breim og førjulstreffet på Sandane.

Korpset øver i aulaen på Firda vidaregåande skule torsdagar frå 1915 til 2200.

7



På Gaularfjellet var det tid for lufting av korpsmusikantar på veg heim frå øvingshelg på Kviknes hotell i Balestrand.



Saman med skulekorpsa i kommunen og Jan Magne Førde vart det ein heidundrande svingande korpsfest i november.



*Janne kjøpte seg ny trombone i Trondheim. Korpset har supplert slagverket, men elles ikke kjøpt instrument i året som gjekk.*



*(utan bilettekst)*

# Årsmelding

## Instrument

Det er kjøpt inn ein del nytt slagverksutstyr og nye notestativ i løpet av året.

## Janitsjaren på nett

På nettsida gloppenjanitsjar.no og på korpset si side på Facebook held korpset medlemene sine, og andre, oppdatert og informert om aktivitetar og arrangement.

## Representasjon i perioden

Bernt er leiar for valkomiteen til regiontinget. Han representerte også korpset under Nordvestkonferansen i oktober.

## Medlemmar

Ved utgangen av 2014 har korpset 39 medlemmer innmeldt i NMF. Det er to medlemmer meir enn ved utgangen av 2013.

**Fløyte:** Malin Pettersen Seime,

**Klarinett:** Britt Rønneklev Mølmann, Elin Nikoline Vie, Elisabeth Røgeberg, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Marita E. Holme, Martin Lyngstad, Oianne Randi Holme, Solveig Tørudstad,

**Bassklarinett:** Gudmar Eikenes

**Saksofon:** Didrik Eide, Margunn A. Evebø, Lene Førde, Ingelin Pettersen Seime, Reidun Kjørvik Førde, Roger Andreas Holme

**Trompet / kornett:** Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Nils Reed, Per-Helge Evebø, Trond Haugen, Vebjørn Aske

**Horn:** Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden

**Trombone:** Bjørn Inge Solheim, Jenny Hysing, Odd Hansen

**Baryton:** Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

**Tuba:** Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Eivind Kjørvik

**Slagverk:** Edvard Røgeberg, Arild Bjørkelo

**Dirigent:** John Rune Ødven

Desse er ført inn i 2014:

Arild Bjørkelo, Eivind Kjørvik, Lene Førde, Marita E. Holme, Malin Pettersen Seime, Ingelin Pettersen Seime, Nils Reed

Sak 3

# Årsmelding

Desse slutta i 2014:

Janne-Elin Larsen, Janne Merete Bøyum, Kjersti Haavet Bjørnson, Ruben André Kandal Ramslien, Ruben Henriksen Skinlo,

## Æresmedlemmer i Gloppe Janitsjar

Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

### Korpset takkar:

Gloppe janitsjar takkar generalsponsor SFE og hovudsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte. Begge avtalane vart fornya i løpet av året etter godt arbeid av leiar Bernt Reed.

I samband med avviklinga av Nordvestmeisterskapen ønskjer korpset å takke komiteen og alle som stilte opp som frivillige under arrangementet.

Korpset takkar også i år vår viktigaste støttekomite, som brukar tysdagkveldar saman med mykje anna ledig tid og legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julelotteriet og Påskebasaren.

Takk også til den dyktige dirigenten vår, John-Rune Ødven, for tolmodig arbeid gjennom året.

Sandane 21. januar 2015

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Vigdis Henden, Margunn A. Evebø, Hanne Lyngstad, Ole Henrik Mølmann



*Korpset har ei fin og aktiv gruppe med støttespelarar, og vi set stor pris på det arbeidet dei legg ned gjennom året.*



*Søstrene Sundal på vareteljing.*

# Rekneskap og budsjett

	Inntekter	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013	Budsjett 2015
3011	Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 22 050,00	kr 16 950,00	kr 22 000,00
3040	Offentleg speling	kr 3 000,00		kr 5 000,00
3050	Dugnad	kr 15 000,00	kr 15 000,00	kr 15 000,00
3070	Julebasar	kr 50 377,00	kr 45 308,00	kr 50 000,00
3080	Påskebasar	kr 39 267,00	kr 46 905,00	kr 40 000,00
3090	Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 55 000,00
3100	17.mai speling / Buss	kr 16 899,80	kr 14 094,00	kr 17 000,00
3110	Gåver	kr 7 000,00	kr 8 000,00	
3120	NMF VO-midlar	kr 10 579,00	kr 8 840,00	kr 10 000,00
3130	Norsk Tipping	kr 8 756,10	kr 8 097,00	kr 8 000,00
3140	Sponsor	kr 30 000,00	kr 35 000,00	kr 30 000,00
3150	Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
3160	Skotårsgalla 2012			
3170	MVA komp. 2013	kr 20 656,00	kr 30 744,00	kr 20 000,00
3190	Eigenandel Øvingshelg	kr 22 205,00	kr 300,00	32 000,00
3200	Nordvest Meisterskapen 2014			kr 75 000,00
3210	NM Janitsjar	kr 63 300,00		kr 70 000,00
3220	Astrid Lindgren		kr 91 510,00	-
3230	Sommarnatt ved fjorden	kr 14 500,00		
8040	Renteinntekter	kr 351,00	kr 1 050,00	kr 350,00
	Egenkapital			kr 25 650,00
SUM INNTEKTER		kr 383 940,90	kr 381 798,00	kr 485 000,00

Sak 4 og 8

# Rekneskap og budsjett

	Utgifter		Rekneskap 2014		Rekneskap 2013		Budsjett 2015
4010	Instrument	kr	20 436,00	kr	22 111,00	kr	55 000,00
4020	Notar	kr	11 010,20	kr	16 663,09	kr	21 000,00
4030	Uniform				kr	5 000,00	
5850	Gåver / Blomar	kr	1 803,00	kr	6 094,00	kr	4 000,00
6210	Husleige			kr	35 300,00	kr	17 500,00
6240	Instruksjon			kr	99 180,00	kr	105 000,00
6650	Øvingshelgar	kr	38 930,99	kr	14 472,35	kr	40 000,00
6710	Administrasjon	kr	2 267,80	kr	8 402,00	kr	5 000,00
6720	Hovedlotteri	kr	13 830,20	kr	7 888,00	kr	15 000,00
6730	Påskebasar	kr	16 628,84	kr	16 725,60	kr	15 000,00
6740	Julebasar	kr	22 542,22	kr	17 794,79	kr	18 000,00
6770	17.mai Buss	kr	16 900,00	kr	16 441,00	kr	17 000,00
7030	NordVest-Mesterskap 2015	kr	3 250,00	kr	6 850,00	kr	15 000,00
7040	Korpstur NM 2014	kr	122 265,88	kr	4 750,00	kr	125 000,00
7050	Musikkleir	kr	4 000,00			kr	10 000,00
7060	Astrid Lindgren			kr	66 637,93		-
7070	Sommarnatt ved fjorden	kr	27 873,00				
7160	Skotårsgalla						
7410	NMF Kontingent	kr	11 210,00	kr	9 175,00	kr	10 000,00
7510	Forsikring	kr	5 455,00	kr	4 665,00	kr	5 000,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF			kr	1 231,20	kr	2 000,00
7790	Diverse	kr	4 881,90	kr	4 515,94		
8190	Finanskostnader	kr	425,00	kr	230,00	kr	500,00
SUM UTGIFTER		kr	323 710,03	kr	359 126,90	kr	485 000,00



Lotteritiltaka korpset har satte nye rekordar i året som gjekk, og november runda hovudlotteri og julebasaren ei sekssifra omsetning.



Og ved godis-bordet på julebasaren sørget yngre krefter for at salet alltid går godt.

# Rekneskap og budsjett

## ÅRSAVSLUTNING 2014

Inntekter	Utgifter	Overskot
kr 383 940,90	kr 323 710,03	kr 60 203,87

Bank 01.01.2014	kr 196 109,50
Overskot 2014	kr 60 230,87
Bank 31.12.2014	kr 256 340,37

Gloppen Janitsjar, Sandane 22. januar 2015, Margunn Evebø, kasserar

Nokre rekneskapstal	Inntekt	Utgift	Netto
Sommarnatt	kr 14 500,00	kr 27 873,00	kr -13 373,00
Påskebasar	kr 39 267,00	kr 14 547,84	kr 24 719,16
Hovedlotteri	kr 50 000,00	kr 13 830,20	kr 36 169,80
Julebasar	kr 50 377,00	kr 17 359,22	kr 33 017,78
NM 2014	kr 63 300,00	kr 122,265,88	kr -58 965,88


### Kommentarar til tala:

- Rekning husleige 2014 kr 14.700 ikkje motteke før i januar 2015
- Instruksjon 2014 kr 104.310 ikkje med på rekneskapen. Forfall 20.01.15
- Leige tenester kulturskulen hausten 2014 kr 2.500 blir ført på 2015
- Hovedlotteri: her er inkl rekn frå Skinlo kr 1.100 frå 2013 og rekn Solglimit for loddbøker 2013 kr 2.625 og 2014 kr 3.250. Overskot hovedlotteri 2014 vert då kr 39.89,80
- Uteståande kontingent/øvingshelg/NM kr 19610
- Rekneskapen for NVM vart ikkje klar før nyttår. Overskot ført i 2015 ca kr 75.340
- Norsk Tipping rest 2014 kr 3.148,10 blir ført på 2015
- Buss julaftan kr 3.104 og annonse kr 695 blir ført på 2015
- Dette viser at vi har brukt ca kr 42.300 av egenkapitalen i 2014

## REVISJONSmelding

Rekneskapen er revidert og funnen rett ifølge bilag.

Sandane, 5. februar 2015, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



Revisorblikket.

## Sak 5

## Sak 5.1

# Årsmøtesaker

## Korpset sitt konsertantrekk (årsmøtesak frå Odd Hansen)

«Eg vil at årsmøtet i Gloppen Janitsjar gjev styret i oppgåve å finne fram til noko som kan friske litt opp det svart-i-svarte korpset ei tid har hatt som konsert-antrekk, med t.d. sløyfer/slips og litt fargar på dei pene damene sitt antrekk.

Det grunngjев eg slik: Ved ein del konsertar har eg som tilhørar hatt glede av å høre korpset spele. Den same gleda har eg dessverre ikkje fått av alt eg har sett. Svart-i-svart konsert-antrekk er i seg sjølv heilt ok for min del - fargen skal eg ikkje kommentere.

Men når svarte bukser er ulike, når skjortene er knappa ulikt, eg har jamvel sett ein og annan "prestespire" med kvit t-skjorte i halsen, då synes eg det er nok og på tide å gjere ein vri. Slik eg har sett det, er damene i korpset penare oppkledde enn dei mannlege, men kanskje litt fargar også her hadde gjort seg?

Det er mange andre korps som har gått om lag same vegen som janitsjaren, men ved bruk av litt friske fargar i tillegg har mange av dei fått eit langt finare konsert-antrekk.

Musikken er sjølvsagt det aller viktigaste for korpset, men korleis musikantane kler seg med konsert-antrekket fortel etter mi meinings ganske mykje om innstilling og respekt.

Så mitt forslag til årsmøtet er: Styret får i oppgåve å finne fram til noko som kan friske litt opp det svart-i-svarte korpset ei tid har hatt som konsert-antrekk, med t.d. sløyfer/slips og litt fargar på dei pene damene sitt antrekk.»

Årsmøtet 2014 vedtok å bytte ut kvit skjorte, svart sløyfe og bukse som konsertantrekk med «svarte pene kle». Sjå vedlagt referat.

**Framlegg til vedtak:** Styret legg saka fram for årsmøtet utan innstilling.



*For mørke? I fjor vedtok janitsjaren å gå i svart, no spør Odd Hansen om det kanskje bør leggast til litt farge.*



Festmiddag i Trondheim.

# Arbeidsplan

- |      |              |  |
|------|--------------|--|
| 2015 | <b>Vår</b>   | Skulekorpsbasar Hyen 5.mars<br>Skulekorpsbasar Sandane 8.mars<br>NM i Trondheim 20.mars<br>Barneturnstemne STIL, 17. april<br>Påskebasar i Breim søndag 29.mars<br>Breimstafett 3.mai<br>Marsjering langope på Sandane, torsdag 7. mai<br>17.mai<br>Sommaravslutning i hotellhagen |
|      | <b>Haust</b> | Øvingshelg i september<br>Skulekorpsbasar i Breim, 25. oktober<br>Nordvest-meisterskap i Molde 31. oktober<br>Førjulstreff i Aulaen<br>Julekonsertar   |
| 2016 | <b>Vår</b>   | Skotårsgalla 27. februar<br>Skulekorpsbasar Sandane<br>Skulekorpsbasar i Hyen<br>Påskebasar i Breim<br>Breimstafett 1. mai<br>17.mai   |
|      | <b>Haust</b> | Øvingshelg i september<br>Nordvest-meisterskap i oktober?<br>Førjulstreff i Aulaen 29. november<br>Julekonsertar   |
| 2017 | <b>Vår</b>   | Sommarnatt ved fjorden   |



Elin på NM-tur.

Sak 7

# Kontingent

Kontingenget i Gloppen Janitsjar vart i 2014 auka frå 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar til 600 kroner for vaksne og 300 kroner for skuleelevar. Styret meiner det ikkje er grunn til endre kontingenget i år.

**Framlegg til vedtak:** Kontingenget i Gloppen Janitsjar er kroner 600,- for vaksne og kroner 300,- for skuleelevar.



*Gloppen janitsjar er klar på scena og ventar på at dirigent John Rune Ødven skal innta Lille sal i Olavshallen 4. april 2014.*



Bernt har vore leiar for korpset sidan 2009, her på årsmøtet i 2014.

# Val

Desse har varsla at dei ikkje tek attval: Bernt Reed som leiar sidan 2009. Geir Skagen som sekretær sidan 2003. Ole Henrik Mølmann som første vara og leiar for musikkutvalet sidan 2006.

Det har ikkje lukkast valnemnda å finne ny leiar til Gloppen Janitsjar. Dei har spurt så godt som alle medlemmane om leiarvervet, utan resultat. Valnemnda legg difor fram ei innstilling for årsmøtet utan framlegg til styreleiar.

## Valnemnda si innstilling styre:

### Leiar:

Nestleiar:	Vigdis Henden	Ikkje på val
Kasserar:	Margunn A. Evebø	Ikkje på val
Sekretær:	Linda Pupe Støyva	
Styremedlem <sup>1</sup> :	Hanne Lyngstad	Ikkje på val
1. vara. <sup>2</sup> :	Olav R. Myklebust	Ny
2. vara.:	Marta S. Engeland	Ny

## Valnemnda si innstilling utval:

### Musikkutval

Olav R. Myklebust (leiar)	Attval (ny som leiar)
Ole Henrik Mølmann	Attval
Trond Haugen	Ny
Dirigent	

### Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

## Valnemnda si innstilling revisorar:

### Revisorar

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

## Styret si innstilling til valnemnd:

### Valnemnd 2016

Reidunn Kjørvik Førde	Attval
Gunnar Eide	Attval
Eva Fitje Holme	Attval



Leiarvervet i Gloppen janitsjar har sine lyse sider.

1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at første vara er leiar i musikkutvalet.

# Repertoar 2014

## NM

Puzta

## Nordvestmeisterskap

Music for a Festival

## Sommarnatt ved fjorden

Intåg i sommarhagen  
Bryllupsdag på Trollhaugen  
Idyll  
Veslemøys sang  
Spirande liv  
Aria  
Förventan  
Galliano  
Skjærgårdsidyll  
Brudmarch

## Marsjsesongen

1. Norge i rødt, hvitt og blått
2. Gammel jegermarsj
3. Norsk Turnermarsj
4. Den norske løve
5. Holmenkollmarsjen
6. Under the Double Eagle
- Fagert er landet
- Nordfjordsongen
- Nasjonalheftet

## Julekonsertane

Bereden väg för Herran  
Jul, jul, strålande jul  
Den store stjerna  
Höyr kor englar syng frå sky  
Å, kom no med lovsang

## Resten

A Christmas festival  
Vesle Hoa som var en Hottentott  
Lightening Fingers

## Yebo

South Africa  
Homecoming song  
Bruremarsj  
Ejala  
Knerteslåtten  
Yebo  
Sana Sananina  
Knertesvingen  
Ice Cream  
Julefergå  
Svelesangen  
Pinnelokken  
Ndihamba nawe

## Taffelorkesteret

Here Comes Santa Claus  
Jeg så mamma kysse nissen jeg  
Jingle-Bell Rock  
Let it snow  
Rockin around the Cristmas tree  
Sleigh Ride  
Frå «juleheftet»

Bare Neccessities

Always Look On The Bright  
Side Of Life

Daisy

Dream A little Dream Of Me

Godnatt, blues

Se, nu tittar lilla solen in igen

Sønnavindsvalsen

The Cantina Band

Frå «Super Hits for marching  
band» (hefte)

Frå «Alles zur Stimmung»  
(tyrolier-hefte)



Papirarbeid i foajeen på hotellet i Trondheim.

# Vedtekter for Gloppen janitsjar

## §1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

## §2 FORMÅL

### 2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

### 2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

### 2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

### 2.4 Musikkpolitikk

Ta våre på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

### 2.5 Arrangement

Gje musikkarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkuransar og andre arrangement.

### 2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskulen, NMF og andre organisasjoner.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

## §3 MEDLEMSKAP

### 3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikkarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpsstyret.

### 3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllast i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemsskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

### 3.3 Føresetnader for medlemskap

- Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.
- Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.
- Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.
- Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine eigedalar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

### 3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingen til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemar pr. 31. desember.

### 3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå speling i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

### 3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpsåret.

### 3.7 Suspensjon og eksklusjon

- Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovere tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

## §4 ÅRSMØTE

### 4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndighet.

### 4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

- Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.
- Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret
- eller 1/3 av medlemmane krev det.
- Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.
- Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke før årsmøtet.
- Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke før årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å legge saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

### 4.3 Representasjon, rettar og voteringer

- På årsmøtet deltek korpset sine medlemar og gjester invitert av styret.

#### b) Desse har stemmerett:

Utvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unntake ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

- Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.

d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtekten.

- Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemane er til stades.

### 4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

- 1) Konstituering
  - Opning
  - Namneopprop

# Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
  - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
  - e) Val av møteleiar
  - f) Val av årsmøtereferent
  - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
- 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
- 5) Saker framsett av styret
- 6) Saker framsett av medlemmar
- 7) Kontingent
- 8) Budsjett
- 9) Val av styre som består av:
  - Leiari
  - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
  - Styremedlem
  - 1 og 2. varamedlemAlle, med unnatak av varamedlemane, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
- 10) Val av to revisorar for eitt år.
- 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
- 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
- 13) Val av musikkutval
- 14) Val av sosialkomite
- Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

## §5 STYRET

### 5.1 Samansetning

Styret bestar av: Leiari, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

### 5.2 Fullmakter

- a) Styret leiari korpsset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpsset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknyting til desse vedtekten og for å presisere og regulere korpsset sitt ansvar og aktivitetar.

### 5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpsmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

### 5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet til godkjenning.

### 5.5 Personalansvar

Styret føretekk engasjement, tilsetjing, oppseiiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler. Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

### 5.6 Beredskapsplan for korps

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korps når korpsset er på tur og deltek på arrangement.

## §6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konfliktar for korpsset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpsset sine øvrige medlemmar ber om det.

## §7 KOMITEAR

### 7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og legge fram revisjonsmelding for årsmøtet.

### 7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og legge komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

## §8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

### 8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpsset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

### 8.2 Korpsset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpsset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskulen i kommunen til nytt korps er oppretta, og som då overtek midlane. Korpsset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korps.

### 8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpsset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korps, musikkule eller til musikkføremål i grunnskulen dersom nytt korps ikkje reorganiserast innan tre år.

### 8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

## §9 VEDTEKTSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtekten med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtekten skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

### Ikrafttreding:

Desse vedtekten gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2012.



## Vedlegg 3

Referat frå årsmøte i Gloppe Janitsjar torsdag 6. februar 2014 kl 2030  
på Firda vidaregåande skule

### Til stades:

Britt Rønneklev Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Solveig Tørudstad, Gudmar Eikenes, Reidun Kjørvik Førde, Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Trond Haugen, Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Bjørn Inge Solheim, Jenny Hysing, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Bernt Reed, Jon G. Eide, Ole Henrik Mølmann, John Rune Ødven.

Det er 21 medlemmar til stades ved starten av årsmøtet.

### Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kungjort for medlemmane på øving i korpset 16. januar og på epost 23. januar. Det vart gjort offentleg kjent på korpset sine nettsider 22. januar. Sakliste og årsmotepapir var sendt ut og gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost mandag 30. januar.

**Vedtak:** Innkalling og sakliste er godkjent.

### Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Bernt Reed er møteleiar

### Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Geir Skagen er møtereferent

### Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Eva Fitje Holme og Martha Sundal Engeland signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Eva Fitje Holme og Martha Sundal Engeland signerer protokolen saman med leiar.

### Sak 2: Årsmelding

I 2013 var det konserten «Hujedamej» 28. april hovudprosjektet for sesongen - eit samarbeidsprosjekt med klasser på Sandane skule og Nordstranda skule med musikk frå filmane om Astrid Lindgren sitt univers. Korpset deltok også på Nordvestmeisterskapen, og fekk ein andre plass i førstedivisjon janitsjar. Elles var det mykje lokal speling, slik det bruker å vere.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

**Vedtak:** Årsmeldinga for sesongen 2013 er godkjent.

# Referat frå årsmøtet 2014

1

### Sak 3: Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit overskat på kr 22 671,10 kroner.

Revisorane har gått gjennom rekneskapen og har ingen merknadar.

Leiar Bernt Reed gjekk gjennom og kommenterte rekneskapen, og svarte på spørsmål om det. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

**Vedtak:** Rekneskap for 2013 er godkjent utan merknad.

### Sak 4: Innkomne saker

Det har ved fleire høve dei siste åra vore stilt spørsmål om konserntrekket til korpset. Det har sidan starten vore kvite skjorter, svart tversoverslyfe og svaret sko, strømper og buksar. Ønsket frå mange har vore at vi skiftar ut dei kvite skjortene og sløyfa med svarte eller mørke fine klede. Styret fremja framlegg om at korpset skiftar til pene mørke klede.

Årsmøtet var med nokre unntak med på at vi kunne skifte til svart. Det var diskutert rundt kva linje ein skulle legge seg på, om alle også her skulle vere like, eller om det var rom for variasjon innanfor ramma av mørke klede. Det vart også ein praktisk spørsmål med omsyn til dei avtalane vi har om å bære sponsormerke på skjortene. Her vart styret bedt om å sjå på løysingar.

**Vedtak:** Korpset sitt konsertanttrekk er mørke pene klede, under føresetnad av at det ikkje bryt med inngåtte sponsoravtalar. Styrt får pålegg om å avklare dette med sponsorane.

### Sak 5: Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for 2014 og åra etter. NM og Sommarnatt ved fjorden vert dei store arrangementa på våren, mens det foreslått deltaking på Nordvest-meisterskap til hausten, med opning for å vere teknisk arrangør om krinsen treng det. Våren 2015 er de tenkt et samarbeid med skulekorpsa og ein ny Sommarnatt ved fjorden som avslutning av vårsesongen.

**Vedtak:** Arbeidsplanen er godkjent.

### Sak 6: Kontingent

Kontingenget i Gloppe Janitsjar vart heva til 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skulelevar i 2009. Styret gjorde framlegg om å heve dette til 600 kroner for vaksne og 300 kroner for skulelevar.

**Vedtak:** Kontingenget i Gloppe Janitsjar vert kroner 600,- for vaksne og kroner 300,- for skulelevar.

### Sak 7: Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 475 250,- kroner. Det er lagt inn ein bruk av eigenkapital på 45.750 kroner i samband med NM-tur. Resultatet er balansert med kjende inntekter, men kan vere ope i og med at vi ikkje no veit om vi berre deltek eller vert arrangør av komande nordvest-meisterskap.

**Vedtak:** Budsjettet for 2014 vart godkjent.

### Sak 8: Val

I styret står nestleiar Vigdis Henden, kasserar Margunn A. Evebø og styremedlem Hanne Lyngstad på val i år. Alle har sagt ja til valnemnda for å ta ei periode til. Det same har 1. vara Ole Henrik Mølmann, og 2. vara er forslatt Linda Pupe Støyva. Det er ikkje endringar i utval og revisorval.

Valnemnda ved Gunnar Eide presenterte dette framlegget til styre og utval:

#### Styre

Leiar: Bernt Reed

Nestleiar: Vigdis Henden

Attval

Kasserar: Margunn A. Evebø

Attval

Sekretær: Geir Skagen

Styremedlem1: Hanne Lyngstad

Attval

1. vara.: Ole Henrik Mølmann

Attval

2. vara.: Linda Pupe Støyva

Attval

#### Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar

Attval

Bjørn Inge Solheim

Attval

Olav R. Myklebust

Attval

#### Dirigent

#### Sosialkomité

Didrik Eide

Attval

Heidi Fure Klausen

Attval

Elin Nikoline Vie

Attval

#### Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

Attval

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga fra valnemnda.

**Vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalmedlemmer er godkjent ved akklamasjon.

Styret la fram framlegg til valnemnd stik:

Valnemnd 2015

Reidun Kjørvik Førde

Attval

Gunnar Eide

Attval

Eva Fitje Holme

Attval

Det kom ikkje andre framlegg enn innstillinga til valnemnd.

**Vedtak:** Styret sitt framlegg til valnemnd er godkjent ved akklamasjon.

Sandane 8. februar 2014

Geir Skagen

referent

Bernt Reed (sign), Eva Fitje Holme (sign),  
Martha Sundal Engeland (sign)